



Byggadministrasjon Harald Bjørndal As
Postboks 103
5649 Eikelandssosen

Referansnr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
26/61617	26/5261	Geir Heldal 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		19.06.2026

Løyve til tiltak - 33/191/0/5 - Ulvenvegen - Etablering av mesanin i lagerseksjon nr. 5

Tiltak: etablering mesanin til lager
Byggjestad: Gbnr: 33/191
Tiltakshavar: Drøst Eiendom As
Røtingavegen 470B
5216 Lepsøy
Ansvarleg søkjar: Byggadministrasjon Harald Bjørndal As
Postboks 103
5649 Eikelandssosen

Delegasjonssak nr.: 578/2026

Vedtak

Bjørnafjorden kommune gir løyve i eitt-trinn for etablering mesanin til lager på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 26.05.26 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til offentleg vatn og avløp. Uttale til offentleg vass- og kloakkanlegg er gitt i sak 25/22 i vedtak datert 10.04.25
3. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.

Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 20-1, jf. § 20-3.

Før det blir gitt ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Godkjend ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA-anlegg

Generelle vilkår:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, og ein må ha fysisk sett i gang tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg igangsett før dette, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.

Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette.



Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Informasjon om tilsyn

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område i 2025 jf. Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon.

I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av etablering mesanin til lager med bruksareal (BRA) opplyst til å vere 80m² og bygd areal (BYA) 0m².

Det blir elles vist til søknad motteke 26.05.2026, med tilleggsinfo motteke 10.06.26.

1.2 Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kloppamyro - Ådnadalen, planid: 20060301 er definert som industri/lager.

Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med plan og krev ikkje dispensasjon.

1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 26.05.26.

Tiltaket er plassert innanfor formålsgrense og byggegrense i plan

1.5. Vatn og avløp (VA)

Eigedommen er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vatn og avløp. Uttale til offentleg vass- og kloakkanlegg er gitt i sak 25/22 i vedtak datert 10.04.25.



1.6. Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Ingen endring

1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.8. Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

1.9. Uttale frå anna mynde

Det er ikkje henta inn uttale frå anna mynde.

2. Andre vurderingar

2.1. Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

2.2. Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

2.3. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormynd. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

3. Andre opplysningar

3.1. Mellombels bruksløyve / Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

3.2. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

3.3. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.



Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Geir Heldal
Ingeniør - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Tilleggsopplysningar
33/191 - Ulvenvegen - Søknad om etablering av mesanin i lagerseksjon nr. 5
Situasjonsplan
Snitt med mesanin
Snitt med mesanin
Plan - seksjon 5
Gjennomføringsplan

Kopi til:

Drøst Eiendom As

Røtingavegen 470B

5216

Lepsøy